



Meland kommune

## Møteprotokoll for Ungdomsrådet

**Møtedato:** 07.06.2018  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 14.00

---

Til stades: Bjørn Ian Sagstad, Malin Rasmussen (vara), Elias El Fakraoui, Marius Thorvaldsen, Susanne Slettebakken, Daniel Bratshaug (vara), Jonas Askeland, Daniella Josephine Fennelly.

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Martin W. Kulild  
Øyvind Oddekalv  
Anette Hesjedal

---

Møteleiar: Jonas Askeland

Møtesekretær Ane Bysheim

## Sakliste

Saknr	Tittel
24/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
25/2018	Godkjenning av møtebok
26/2018	Det årlege møtet for 2018 mellom Ungdomsrådet, ordfører og rådmann
27/2018	Representantar frå ungdomsrådet til jury for logokonkurransen "Trygt og godt oppvekstmiljø"
28/2018	Uttale frå Ungdomsrådet til oppstart av planarbeid, Fv. 564 Fløksand-Vikebø
29/2018	Referatsaker
30/2018	Aktuelle saker

## **24/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

**07.06.2018 UNGDOMSRÅDET**

### **UR - 24/2018 VEDTAK:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

---

## **25/2018: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Møtebok vert godkjent."

**07.06.2018 UNGDOMSRÅDET**

### **UR - 25/2018 VEDTAK:**

"Møtebok vert godkjent."

---

## **26/2018: Det årlege møtet for 2018 mellom Ungdomsrådet, ordførar og rådmann**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Ungdomsrådet tek orienteringar og svar til vitande.

### **07.06.2018 UNGDOMSRÅDET**

Ungdomsrådet hadde pizzadialog med rådmann Martin W. Kulild og ordførar Øyvind H. Oddekalv. Nestleiar Jonas Askeland leiar møtet.

*Det er ei aktuell sak i media om at ungdomsråd bør lovfestast – kva meier de om dette?*

Ordførar: Ungdomsrådet har ein viktig rolle som talerør for ungdommen i kommunen – dette er ei viktig oppgåve.

*Kva skjedd vidare med kyrkje/kulturhus?*

Ordførar: Den kommunale delen vil ikkje bli ein del av prosjektet vidare. Vedtaket om å bygge kyrkja står.

*Vil gravplassen bli flytta ved bygging av ny kyrkje?*

Svar: Nei, den er tenkt vidare der den er i dag.

*Kommunesamanslåing – korleis vil de sikre dykk at ungdommen vert hørt i den nye kommunen?*

Svar: God representasjon frå alle dei tre kommunane må sikrast i Alver ungdomsråd.

*Det er planlagt mange nye bygg – kva skjer med vegane? Har de ein plan for dette?*

Svar: Ordførar informerer om planar for veier/Nordhordlandspakken. Rådmann: gåande skal være prioritert i utbygginga i strekket mellom Langelandskogen/Frekhaug kai.

Nestleiar Jonas Askeland takkar for kommunens prioritering av Meieriet og ungdomsklubben der og at Meland investerer i framtida.

Susanne Slettebakken informerer om Ungdomsrådas felles nemnd med tre representantar frå kvart ungdomsråd. Dei ønskjer å invitera ulike leiarar til kafedialog i løpet av neste år.

Ordførar: inviterer Ungdomsrådas fellesnemnd til å presentera seg i fellesnemda, og synes det er veldig positivt at dei er i gang.

*I forhold til voldsepisodar i ungdomsmiljøet/nærmiljøet – kva gjer kommunen?*

Ordførar: Enkeltepisodar må handterast av politiet. Meland kommune satsar på ungdomsklubb har tilsett leiar i prosjektet «Trygt og godt oppvekstmiljø», og har god kontakt med politi og andre etatar som jobbar med ungdom.

Rådmann: Kommunen kan ikkje løysa problema med mobbing - det er alle innbyggjarane sitt ansvar å stoppa mobbing, men kommunen prioriterer og legge til rette for arbeidet.

*Buss /transport: Vert busstilbodet betre?*

Svar: Det vert meir pengar til hurtigbåten. Buss vert billigare (same sone som Bergen), men ordførar oppmodar ungdomsrådet til å spele inn forslag og påverke gjennom ungdommens fylkesråd.

Spørsmål frå ordføraren: Korleis går samarbeidet mellom ungdomsråda i Alver?

Susanne Slettebakken svarar: møter 2-3 gonger pr. halvår, arrangerte storsamling med alle tre råda i februar.

*Rus i ungdomsmiljøa: Kva tiltak har kommunen for å reduserer dette?*

Ordførar: satsing på ungdomsklubb, prosjekt «Trygt og godt oppvekstmiljø», godt samarbeid med politi og andre instansar og auka fokus på tema i skulane.

Rådmann: byggje gode miljø som er trygge.

Nestleiar Jonas Askeland takkar for møtet og soppsummerer med at samarbeidet mellom ungdomsrådet og administrasjon/politikarar er god og at UR føler dei vert høyrte.

### **UR - 26/2018 VEDTAK:**

"Ungdomsrådet tek orienteringa til vitande"

---

## **27/2018: Representantar frå ungdomsrådet til jury for logokonkurrans "Trygt og godt oppvekstmiljø"**

**Rådmannen sitt framlegg:**

### **07.06.2018 UNGDOMSRÅDET**

Prosjektleiar Anette Hesjedal oppdaterer om prosjektet «Trygt og god oppvekstmiljø»

- Det er starta ein Snap Chat «Trygt og godt» kor ungdom kan komme i direkte kontakt med Anette og ei Facebookside med informasjon og holdningsarbeid som er meir retta mot føresette.
- 30 august vert det foredrag på HN FHS med tema «Oppvekstmiljø» og Ingrid Lund som er framstående forskar på mobbing skal ha foredrag for skule/barnehage.
- Det vert jobba med å ha ei veke undervisning i skulen under tema «Livsmestring» - i samarbeid med kommunepsykolog, helsesøster og fysioterapeut. Her kan aktuelle tema vera psykisk helse», «sex og samliv», «skilsmisse», «sjølvbilde og sjølvtilitt», «relasjonar og vennar»
- Det kan og verte aktuelt med temakvelder ut over hausten.

Det er lyst ut logokonkurrans til prosjektet, og prosjektleiar Anette Hesjedal ønskjer to representantar frå ungdomsrådet til juryen.

### **UR - 27/2018 VEDTAK:**

«Susanne Slettebakken og Elias Jordan El Fakraoui er representantar til jury for logokonkurrans for prosjekt «trygt og godt oppvekstmiljø»

---

## **28/2018: Uttale frå Ungdomsrådet til oppstart av planarbeid, Fv. 564 Fløksand-Vikebø**

**Rådmannen sitt framlegg:**

### **07.06.2018 UNGDOMSRÅDET**

Vegvesenets plan for trasèval Fløksand - Vikebø vert presentert i møtet.

### **UR - 28/2018 VEDTAK:**

"Ungdomsrådet ser positivt på at utbygginga av vegen mellom Fløksand og Rossland kjem i gang for å få ein tryggare og betre veg på strekninga. Det er viktig at det tas hensyn til friluftsområdet på Fløksand i prosjektet»

---

## **29/2018: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Meldingane vert tekne til orientering."

### **07.06.2018 UNGDOMSRÅDET**

Bossrydding: Orientering ved Jonas Askeland. Fire representantar frå Ungdomsrådet hjalp til med registreringa av frivillige/områder på kommunehuset, og med bossrydding på Fløksand i lag med statsministeren. Bidro til synlegheit og godt omdøme for Ungdomsrådet.

Ungdomsrådas fellesnemd: Orientering ved Susanne Slettebakken. Det har vore to møter i fellesmenda sidan sist UR-møte. Uttalen frå fellesnemda med hensyn til nytt kommunevåpen var at nemnda gjekk for bruer. Ønskjer å ha kafedialog med leiarar med 4-5 tema, som til dømes «Alver» «Idrett» «Ungdomsklubb», og å arrangera eit felles arrangement til neste sommar. Det er og snakk om ein studietur til Oppegård kommune.

Workshop Frekhaug fram i tid: Orientering ved Bjørn Sagstad. Ein bra workshop med mange fram møtte (representantar frå UNG Meland, UR, Grasdalen elevråd og andre interesserte). Dei teikna inn kor dei oppheldt seg og kor dei går, fann kjenneteikn med Frekhaug, og skrev ned kva som manglar.

### **UR - 29/2018 VEDTAK:**

"Ungdomsrådet tek orienteringane til vitande"

---

## **30/2018: Aktuelle saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

### **07.06.2018 UNGDOMSRÅDET**

UR ønskjer ein sommaravslutning. Komité for dette vert Malin, Marius, Synne og Elias. Avslutninga vert torsdag 14 juni kl. 18-20 i Haltejansvika om det er fint ver, om ikkje vert det på klubben.

### **UR - 30/2018 VEDTAK:**

"Malin Rasmussen, Marius Thorvaldsen, Synne Io og Elias Jordan El Fakraoui er komité for ungdomsrådets sommaravslutning"

---